



• AKSJON: Kvinnherad-folk gjekk i fakkeltog for sjukehuset sitt måndag ettermiddag.

FOTO: ATLE HELLAND

Slår ring om Valen Sjukehus

36,3 årsverk skal fjernast frå Valen sjukehus. Folk i Kvinnherad fryktar nedlegging på sikt og fyrrer opp faklane i kveld.

AV: [lena vermedal](#)

Publisert: 14.jan. 2013 16:08 **Oppdatert:** 14.jan. 2013 21:44

I desember vedtok styret i Helse Fonna at 36,3 årsverk skal fjernast frå Valen sjukehus som følge av eit sparekrav på 32 millionar kroner i Klinikk for psykisk helsevern.

Post A, som behandler pasientar med dobbeltdiagnose innan rus og psykiatri, blir flytta til Haugesund. Også Folgefond DPS vil bli redusert.

Dei kraftige kutta har resultert i sterke protestar frå tilsette ved sjukehuset på Valen. No er også Folkeaksjonen for vern om lokalsjukehusa alarmert.

- Valen sjukehus er også eit lokalsjukehus. Me må på banen no som dei vil rasera Valen sjukehus, seier Nils Johan Ystanes, mangeårig talsmann for Odda sjukehus og no talsmann for aksjonen «Slå ring om Valen sjukehus».

Han trur fakkeltoget vil samla mykje folk på Valen kl 17 i ettermiddag. Målet er eit fakkeltog som omkransar heile sjukehuset.

- Endringar skjer i stor fart

- Dette er ein spontanaksjon for å gjera lokalbefolkinga og helsepolitikarane bevisst på kva dette vedtaket vil gjera med Valen sjukehus, seier Ystanes.

Les også



36 årsverk kan bli borte på dette sjukehuset¹

Psykiatrien i Helse Fonna må spara 32 millionar kroner neste år.

Han peikar på at pasientane med dobbeltdiagnose er blant dei mest sårbare.

Dei kan ha både alvorleg rusproblematikk og fleire psykiatridiagnosar å stri med og treng difor eit godt fagmiljø som i dag er godt utbygd på Valen.

- Dette gjeld dei mest sårbare pasientane. Det Helse Fonna no gjer er å slå bein under fagmiljøet. Dei gjer det ikkje fordi det er fagleg grunngjeve, men for å spara pengar. Politikarar og andre må no få augo opp fordi endringane skjer i stor fart, seier Ystanes, som skal halda appell under aksjonen saman med Marie Schille og Anne Cathrin Handeland frå Valen sjukehus og poet Arne Torget.

Marie Schille har på vegner av personalgruppa ved Doppeltdiagnoseposten ved Valen sjukehus skrive brev til helseminister Jonas Gahr Støre, Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget og Helse Vest for å åtvara mot kutta på Valen.

Dei meiner flytting av dobbeltdiagnoseposten vil gje eit dårligare kvalitet på behandlinga til pasientgruppa.

- No blir det kamp

«Slik ein ser det vil pasientgruppa vera betre tent med at ein held oppe tilbodet ved Valen sjukehus, som ligg i landlege omgjevnader, i staden for ei flytting til bykjernen i Haugesund. Dette er og noko alle pasientar har halde fram som viktig moment i si behandling», ifølgje brevet frå dei tilsette.

Dei tilsette ved Doppeltdiagnoseposten er ikkje åleine om å protestera. Det er også etablert ei eiga protestgruppe der Wenche Lie er leiar. Ho peikar på at Post A no blir den tredje posten som blir lagt ned etter at Valen sjukehus kom inn i Helse Fonna i 2002.

- Valen sjukehus er ei av hjørnestensverksemndene i Kvinnherad kommune. Sjukehuset har i over 100 år gitt psykiatrisk tilbod til pasientane. Sjukehuset har høg fagleg kvalitet på tenestene og kjem godt ut i alle faglege rapportar. Reint fagleg og bruk av sunn fornuft, tilseier ei større satsing og utviding av tilbodet ved Valen sjukehus og ikkje ei nedbygging slik det skjer no. Dette vil vi ikkje godta utan kamp, seier Wenche Lie i Protestgruppa.

Harry Herstad frå Stord var einaste representanten i Helse Fonna sitt styre som stemte imot dei kraftige psykiatrikutta på Valen. Han vil ikkje kommentera saka og viser til styreleiar Kjell Arvid Svendsen. BT har ikkje fått tak i han for kommentar.

- Overkapasitet i Sunnhordland

Klinikkdirktør Kenneth Eikeset i Klinikk for psykisk helsevern i Helse Fonna forsvarer derimot vedtaket. Han viser til at endringane som no kjem er i tråd med Helse Fonna sin Plan for psykisk helse 2012-2020.

- Egentleg inneber planen ei vidareutvikling og satsing på Valen som psykiatrisk sjukehus, seier Eikeset.

- *Korleis kan flytting av sju senger frå Dobbeltdiagnoseposten på Valen mot at dei får ei psykoseseng frå Haugesund vera ei satsing på Valen?*

- Det er gjort ei funksjonsfordeling mellom sjukhusa og DPS'ane, der Valen får ansvar for psykosebehandling medan Haugesund får rus og psykiatri. Planen legg opp til økt poliklinisk- og ambulant verksemd og ei nedjustering av døgnkapasiteten. I det høvet blir det ein reduksjon i talet på tilsette på Valen. Dette er i tråd med nasjonale retningslinjer, seier klinikkdirktøren.

- *Men korleis kan du kalla dette ei satsing?*

- Det er fordi det i dag er overkapasitet på senger i Klinikken for psykisk helsevern og ein underkapasitet i poliklinikkane. Me må no omstilla oss for å få ein kapasitet som er i tråd med befolkninga sine behov, seier Eikeset.

Ingen planer om nedbygging

- *Er behova større i Haugesund enn i Sunnhordland?*

- Ja, dekningsgraden både på senger og i poliklinikk er dobbelt så stor i Sunnhordlandsregionen som i Nord-Rogalandsdelen av Helse Fonna, seier klinikkdirktøren.

Han kjem ikkje sjølv til å vera til stades under markeringa på Valen i dag, men synest det er flott at folk engasjerer seg for lokalsjukehuset sitt. Han avviser at kutta i årsverk på sikt vil bety ei nedlegging av Valen Sjukehus.

- Eg registrerer at folk er redde for det. Helse Fonna har ingen planer om å byggja ned på Valen. Me vil satsa vidare, men må tilpassa drifta i høve til folk sine behov og helseregionen sine behov, avsluttar han